



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høyring av søknad om løyve til anleggsarbeid i sjø - Tongane kai for Etne kommune

Statsforvalteren i Vestland har motteke søknad frå Etne kommune v/einingsleiar Utvikling om løyve etter forureiningsregelverket til mudringsarbeid i sjø ved Tongane kai (Etnesjøen).

Omtale av tiltaket

Formålet med tiltaket er farledsmudring ved den kommunale kaien for å auke sjødjupna frå nåverande 5,2 meter ned til 8,5 meter, slik at fartøy kan legge til med full last.

Søknaden gjeld eit mudringsareal på om lag 198 m² og eit utrekna massevolum på 89 m³ (129 tonn). Arbeidet er planlagt gjennomført i fyrste halvdel av 2027 over ein kort periode med gravemaskin frå land eller skip/lekter. Mudra massar skal lastast direkte over på lastebil og leverast til lovleg avfallsanlegg. Det er utført miljøtekniske sedimentundersøkingar og geotekniske undersøkingar i området, og bruk av siltgardin vert vurdert ved behov.



Figur 1 Plan og snitt av anleggsarbeida



Ber om eventuelle uttaler innan 8. oktober 2026

Statsforvalteren ber om uttale fra kommune om tiltaka i samsvar med reguleringsplan og evt. andre merknader. Vi ber Bergens sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket ut fra hensyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 8. oktober 2026. Uttaler kan sendes til fmvlp@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2026/16235.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad - tiltak i sjø - mudring - Tongane kai - Etnesjøen - Etne

Kopi til:

Etne kommune ved sakshandsamar

Mottakerliste:

Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bergens sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			